

## REFERAT

**Dato:** 14.10.2024

**Tid:** kl. 18-20

**Stad:** Idrettshuset.

**Til stades:** Olav Farestveit, Trond Syvertsen, Isak Hommedal, Nils Helge Kvamme (Voss herad), Erik Flage, Cecilie Remme, Hege Toje.

**Referent:** Hege Toje

### 1. Erfaringar etter søknadsrunde og tildeling av inkluderingsmidlar.

Kristina Finne, Trond Syvertsen og Olav Farestveit gjorde tildelinga. Kunne ha vore 3 gonger så mange søkerar, ikkje alle lag som sender inn søknad.

Refleksjon rundt tildeling, korleis vurdere søkerne basert på utlysing, ikkje antal medlem, Treng betre tid å å vurdere dette , det er for korte tidsfristar.

#### Korleis skriva gode søker ?

- Utfordring for dei mindre klubbene å skrive søker
- Hvordan svare ut kriterier

#### *Utfordringar:*

- Utskifting i klubbene
- Manglende kontinuitet i lagene
- Utfordringer med å få inn trenings – og medlemsavgifter hos mange lag.

#### *Forslag til kriterium for vurdering*

- Kor mange midlane treff
- Er prosjektet gjennomførbart?
- Beskriv dei korleis dei har tenkt å få det til?
- Må vurdere prosjektet som heilheit. Når en målgruppa? Kva går støtta til? Går det til drift og ikkje til målgruppa? Og brukast det til det som er kriteria i utlysinga?

### 3. Målretta støtte til idrettslag

200 000 NOK Idrettsrådet har en del penger som kan delast ut. Ute etter noe som skaper aktivitet.

#### *Forslag til målretting:*

- Nyopprettlag i 2024
- Lagg som ulike årsaker ikkje har rapportert medlemstal.
- Fokus på lag som har komme dårleg ut frå førre tildeling.
- Styrke fleiridrettslag for å ta av administrasjonen av smålag.

Olav lager eit utkast til utlysing basert på ny aktivitet, eller vidareutvikling av tilbod og skal og være retta inn Idrettslag som ikkje kjem i betraktnsing på LAM midlar. VIR vurderer å krevje ei form for rapportering på midlane.

#### **4. Kartlegge interesse for å gå inn i fleiridrettslag**

Voss idrettsråd ønsker å kartlegge interesse for å gå inn i fleiridrettslag, og det vart diskutert om en skal skipa ei undersøking på vegne av VIR. Må også sjå på faktisk aktivitet. Enkelte medlem av idrettsrådet er bekymra på ungdomsidrett og senioraktivitet.

##### *Dialogmøte med idrettslaga*

Starte en debatt om nedgang i ungdom og senioraktivitet-. Bør ha noen konkrete modeller å diskutere for møtet. Me tar dette opp som sak på neste styremøte, forberedning til medlemsmøte over nytår.

#### **5. Tildeling av Lokale aktivitetsmidlar 2024.**

VIR skal dele ut til saman 1,4 millioner. 15.11 er frist på å søke aktivitetsmidaler.

Føringar frå årsmøte:

- 3300 kroner per funksjonshemma barn og ungdom
- Stønad til idrettskulane den største med flest born får 35 000 kroner, resten får i forhold til antall medlem.
- Andre lag får basert på antall born og unge i laga
- Ingen får mindre enn 1000 kroner.
- Olav setter dette opp og sender dette ut på epost for godkjenning til styret .

**Vedtak:** VIR nyttar mogelegheita til å halde tilbake inntil 5 %. Desse midlane vil VIR bruke på prosjekt rundt det å lette administrativ støtte for idrettslaga.

#### **7. Eventuelt.**

##### *Spelemiddelordninga er foreslått endra.*

Voss herad har sendt høringsinnsplitt som går imot forslaget. Prinsipp om å tildele etter folketal og ikkje søknadssum. Vestlandet vil tape på ei slik endring.

##### *Angåande mogelegheita for å plassere Hegboms minnefond i aksjefond*

Dette vil krevje eit årsmøtevedtak. Olav tar kontakt med banken.

##### *Kort rapport frå styremøte i selskapet «Idrettens olympiade»*

Idrettens olympiade vil jobbe vidare med å skape kontaktar inn mot særkretsane og idrettskretsane. Dette er avgjerande for å lykkast i satsinga.

### *Stønad til anleggsmidlar*

- 2025 midlar har søknadsfrist 1. november.
- Det er 50 000 kroner til rådigheit frå 2024 tildelinga.
- Sender alle søknadene på desse 50 000 til VIR for handsaming.
- Nils Helge Kvamme ber om møte etter søknadsfrist i november.
- 300 000 kroner til anleggstøtte skal tildelast i januar med politisk handsaming.

### **Forskottering av renter på lån i samband med spelemiddel-søknader** Saken skal utgreiast.

Halvparten av kommunane i Vestland gjer ei slik forskottering før en får etterbetalt tippemidlar. Det er ei utfordring for laga at midlane betalst ut lenge etter at anleggseigar har hatt kostandane og det krev at dei tar opp lån. Rentene gir store utgifter.

**Neste møte i VIR mandag 18. november kl. 18 – 20.**